




NR. 4

JUNI 2001

34.ÅRG.

Keryx på Kypros



Keryx-ungdom framførar eit bibeldrama på stranda på Kypros under årets påsketur.

Side 4 og 5

2. søndag etter pinse

Luk 16,19-31

LASARUS SITT UNYTTA MANUSKRIFT

For nokre år sidan hadde eg laga eit gjennomarbeidd føredrag til eit arrangement som skulle haldast i friluft. På kort varsel var stemnet avlyst pga dåleg ver. Manuscriptet var lagt i ei skuff og har aldri vorte nytta. Det var eit ønskje om at Lazarus skulle ha reist attende til livet for å tale til den rike mannen sine bror. Han fekk ikkje tale for dei. Men kva stod i manuscriptet hans som han aldri fekk høve til å framføre. Eg trur manuscriptet hans hadde tre punkt:

1. FRÅ FATTIGDOM TIL RIKDOM.

For mange år sidan las eg ei liten novellistisk forteljing av Asbjørn Aavik som heiter: "Deilig er jorden". Han fortel om ei gudsteneste han hadde ein gong i ein stor spedisjonskoloni på Taiwan. Ein underleg kyrkjelyd fylte kyrkja. Alle var skada av sjukdommen. Utan fingrar. Utan nase og øyre. Nokre kom krypande inn i kyrkja. Nokre kom dei berande med. Preikteksten var henta fra 1. Kor: "Det vert sått i vanære, det står opp i herlegdom. Det vert sått i vanmakt, det står opp i kraft". Han fortel om guten ved orgelet som løfta sine forkropla hender, ser på dei og får høyre: Ein dag skal du stå opp og ikkje mangle ein finger. Ikke ei nagl ... "stå opp i herlegdom". Frå fattigdom til rikdom. Det var dette Lazarus ville kunne fortald om.

Om verkesåra som var borte. Om lekamen som var ny. Om fattigdommen som vart til rikdom hos Gud. Han ville kunne fortald slik at millionar fattige, sjuke, mismidige ville ha retta ryggen og fått håp i blikket.

Eg trur dette ville vore første tema i Lazarus sin tale. Fordi det var dette han sjølv hadde opplevd. Fordi det var dette han kunne tale om med begeistring og glede.

2. FRÅ RIKDOM TIL FATTIGDOM.

Det var ein mann med alminneleg lønsinntekt som i 1980-åra tok til å kjøpe og selje aksjar. Det gjekk svært bra, og det som tok til i det små, voks og voks. Etter kvart gjaldt handelen millionar. Mannen vart rik. Han tok opp store lån for å få enno meir å investere med. Så kom børskrakket brått og uventa i 1987. Alt rasa saman for mannen, og han sat snart att med ei stor gjeld. På nokre dagar hadde han gått frå rikdom til fattigdom.

Med stort alvor ville Lazarus kunna tala om dette. Han ville kunna sagt til alle dei 5 brørne som i dag lever i alle dei 5 verdsdelane: "Din

rikdom er ein lånt rikdom. Ein rikdom som høyrer Gud til. Ein rikdom som hører fellesskapet til. Ser du ikkje den sjuke og fattige utanfor di dør. Ser du ikkje flyktningane som står kilometerlange køar ved grensa med all sin medbrakte eigedom i ei trillebåt". Lazarus ville haft masse materiale å ause av frå livet i dag og frå Bibelen, og han ville med stort alvor tala om kor lite den kortvarige rikdommen er verd der som han berre vert nytta til eigen nytting. Han ville vist korleis denne rikdomen brått og uventa kan verte erstatta av ei evig gjeld som ikkje noko menneske kan betale attende. Eg trur dette ville vore det andre tema i Lazarus sin tale. Fordi han hadde sjølv sett tragedien med eigne auge.

3. GUDS MISKUNN MOT FATTIGE OG RIKE.

Ein som kom attende og hadde smaka litt av den himmelske rikdom, ville ikkje berre ha snakka om seg sjølv. Og om fattige og rike menneske. Han ville ikkje minst tala om det største. Om Gud. Om Guds ufattelige godleik. Om hans miskunn mot fattige og rike. Lazarus ville lagt ut om korleis han fekk det evige liv. Ikke fordi han var fattig, men fordi hans rop til Gud hadde vorte høyd. Men så ville Lazarus fortalt om sitt møte med Abraham. Den rike Abraham hadde følgd Guds kall, som hadde brent bruene, brote med tradisjonane, forlet farhuset, korleis han hadde stola på Guds l'ovnader og trudd hans ord, og til sist funne ein enno større rikdom.

Lazarus ville kunne ha snakka lenge om dette: Guds miskunn mot fattige og rike. Han ville kunna vist korleis heile Bibelen fylt med dette frå byrjing til slutt. Han ville kunne fortalt om korleis han bak døden hadde fått sjå det ufattelige at Guds nåde gjennom Jesus er stor nok for alle. For alle som hadde vilja ta imot han.

Du verda for ein tale Lazarus kunne ha halde. Ville ikkje denne talen forandra verda? Talen vart aldri halden. Manuscriptet ligg enno i ei himmelsk skuff. Tydelegvis fordi Abraham meinte at det ikkje var bryt verdt å framføre det. Det er nok av forkynnunar i verda frå før. Dei står på Moses og profetane sin grunn. Tek vi dei på alvor når dei talar om fattigdomen som vert til rikdom, om rikdomen som vert til fattigdom og om Guds miskunn mot både rike og fattige?

Geir Sørebø

Hjelp til kyrkjebrygg i Bangladesh

Samarbeidskyrkja vår i Bangladesh, Pathorkkasia, manglar kyrkje. Kyrkjelyden er svært fattig og har ikkje råd til å kjøpe bygningsmateriale. Fleire i våre kyrkjelydar i Arna har peika på at dette må vi hjelpe dei med. No har dei fått seg kyrkjetomt, og tida er komen da vi kan gje dei ei hjelpende hand.

Etter misjonsfesten i Arna bedehus i januar, vart det oppretta ein misjonskonto for Arna. Misjonsforeiningane og bedehusforeiningane i Arna har fått brev om dette. I brevet vart det sagt at pengane som kom inn på kontoen kanskje kunne brukast til kyrkjebrygg for Pathorkkasia-kyrkjelyden. Til no er det kome inn 850 kroner på kontoen. Hjarteleg takk til dykk som har gjeve!

Men her må vi alle hjelpe til! Målet er 10.000 kroner. Det vil vera nok pengar til byggjemateriale både for Pathorkkasia-kyrkjelyden, og for nokre små kyrkjelydar i same region. Vi vil ikkje at det skal oppstå misunning. Dette må vi greie i løpet av sommaren! På førehand takk.

Misjonskonto for Arna

**3624.57.44050,
Sparebank 1 Vest, Indre Arna.**

Vi nemner samstundes at treng du fleire bønlefaldarar for misjon så kan du venda deg til kyrkjekontora.

**Ottar Hope
Klara Ulveseter**



Det er ein flott plan over dåpsopplæringsarbeidet i Arna. I Ytre Arna driv vi aktivt med dåpskontaktar, samlingar for 4-åringar, gudstenester og kyrkjebesøk for skuleelevarne og oppfølging av dåpskontaktar.

Vi treng meir praktisk hjelp i samband med samlingane/gudstenestene og fleire dåpskontaktar.

Ein dåpskontakt er ein person, t.d. deg, som overbringer ei helsing til eitt eller

fleire av barna i kyrkjelyden på deira 1., 2. og 3. års dåpsdag.

Vi har bruk for akkurat **DEG!** Eikvar teneste i Guds rike er like viktig. Efesarane 5,1: «Ha Gud til førebilete, de som er hans kjære born. Lev i kjærleik.»

Vi høyrer gjerne frå deg
på tlf. 55 24 85 46, Kyrkjelydkontoret v/Bente Birkeland og tlf. 55 24 70 34 v/Grethe Haugland, leiar.



Kors og solkrem 2001

- Keryx på påsketur til Kypros

AV OLAV VIKSE

Det begynte som en drøm etter en vellykka konsern for noen år siden; vi ville reise på kortur til Hellas!

To ganger reiste vi nesten, men ble stoppa i innspurten.

Men ikke denne gangen!

Det vil si, det blei ikke Hellas, men Kypros. Men turkommiteen skiftet ikke navn av den grunn.

Det er derfor Hellaskommiteens innsats å takke for at turen ble så vellykket som den ble.

To unge mennesker og en voksenleder jobba i flere måneder for å få alle brikkene på plass.

Alt skulle vi ordne sjøl; skaffe overnatting, billigste flyforbindelse, busstransport og matinnkjøp på tross av fem dagers stengte butikker.

Vel tilbake igjen kan vi med stor takknemlighet til Gud slå fast at turen ble den opplevelsen vi hadde håpet på.

Nitten personer dro av sted. Person nr. 20 måtte dessverre konstatere at påmeldinga hans kom inn for sent..

Vi kalte turen Kors og solkrem 2001.

Vi ville nemlig begge deler! Vi ville feire kristen påske under andre breddegrader, og vi ville oppleve sol og sommer!

Jovisst fikk vi begge deler! Været var topp hele perioden med ca 25 grader i snitt.

En regnbøye var alt vi fikk, og den gikk endatil noen av oss glipp av fordi vi sov

middag akkurat da...

Men aller finest ble møtet med den ortodokse kirke; kirka som etablerte seg på apostlenes skuldre etter deres død. Visst var språket uforståelig, liturgien ukjent, guds-tjenestene enda lengre enn de Keryx arrangerer (Keryx pleier å lage Unge Messer på ca to timers varighet).

Men for ungdommene ble minnene fra den ortodokse feiringa blant de vakreste minnene fra turen.

Og koret sang og sang og sang. Riktignok starta det noe nølende ved utgangsgaten på Gardemoen like før avgang. Og noe betenklt ble vi på plassen utafor Lasaruskirka da ei gammel dame blei sur på oss fordi vi sang.

Men presten bad om unnskyldning på den sure damas vegne og gleda seg storlig over vår sang til Kristi lidelse og oppstandelses ære! Vi måtte for all del fortsette å synges! Sa han.

Og mennesker begynte å komme bort til oss for kontakt og for å takke. De ville be for de unge sangerne, sa de, og så inviterte de oss tilbake til alle messene!.

Og vi kom. Og vi gikk i prosjon. Og vi ventet (hvor ellers hadde vi sittet opp til to timer før det begynte, for å sikre oss plass?) Vi fikk vondt i rumpa. Og Åsne sovna. Og Jarle kjeda seg. Ei stund.

Men så begynte ting å skje. Lys blei slukka,

Fortsettelse side 7

Prosjektet "KONFIRMANTER I KERYX" er gjennomført

For første gang ble prosjektet konfirmanter i Keryx gjennomført høsten og våren 2000/2001.

11 unge damer har fulgt koret i tykt og tynt siden oppstart i september.

De som måtte tro at dette er kjøkkenveien til konfirmasjon må tro om igjen.

Tvert i mot betyr denne måten å gå konfirmasjonstida si på langt større innsats enn det øvrige konfirmanter er pålagt.

Hver tordag fra 18.30 til 21.00 er det fram-møte på korøvelse.

I tillegg kommer weekender, korseminar og konserter.

For konfirmanterne er først og fremst korister, fullverdige medlemmer av koret, som i likhet med den øvrige gjengen er glad i å sygne.

Hvor gode de er blitt fikk du høre søndag 22. april. Om du var av de heldige som fant vegen til Arna Kyrkje under overhørings-gudstjenesten deres den dagen.

Øger de unge damer over at det ble for mye frammøte?

Slett ikke.

Stemningen har tvert imot vært svært god hele tiden.

Som regel er det vanskelig å få dem til å gå hjem kl 21.00. Det var så mye mer de hadde å spørre konfirmantlæreren om.

Og mødre og fedre ute i skyssoppdrag måtte vente tålmodig..

Og det beste av alt; mange av dem sier de vil fortsette i Keryx til høsten.

Og de første konfirmanterne til neste års kull har allerede begynt å be meg reservere plass i koret. Av praktiske årsaker kan vi nemlig kun ta imot inntil 15 konfirmantkorister om gangen.

Menighetsrådet har bedt oss om å videreføre det samme opplegget til høsten. Også utenlandsturen vil vi forsøke å gjenta! Vi legger opp til at alle skal jobbe inn store deler av sin billett.

Noen endringer vil det bli. For eksempel vil alle korkonfirmanterne bli konfirmert samme søndag av deres egen konfirmantlærer. Koret vil være til stede med sang og innslag.

Vi garanterer en uforglemmelig konfirmasjonssøndag!

Første samling i Keryx skjer for foreldre og nye konfirmantkorister mandag 27.august kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

Der vil du få vite alt om datoer, planer, opplegg og regler.

Vi reiser på en rimelig obligatorisk weekend til Mjølfjell fredag til søndag 31.8 til 2.9 2001. Der blir de nye og de gamle ungdommene mikset til ei gruppe. For er du ny, skal du ikke føle deg ny lenge..

Så ønsker du eller en av dine å gå konfirmasjonstida i Keryx høsten og våren 2001/2002, er det bare å skrive dette på påmeldingsskjemaet for konfirmasjons-forberedelse, som blir distribuert nærmere sommeren.

Har du spørsmål om opplegget, ring Olav på tlf 5524 5250 eller 997 35 596.

Kyrkjeskyss

HAUKELAND/UNNELAND

10. juni	Turid Mjelde	tlf. 55 24 28 71
Åshild Mæstad	tlf. 55 24 00 42	
17. juni	Odd Kjos.....	tlf. 55 24 17 82
Sverre Myklebust.....	tlf. 55 24 29 05	
24. juni	5. august	Turid Mjelde
Ingrid Hope.....	12. august	Per Eide
1. juli	19. august	Jostein Monstad
Jens Hauge	26. august	Arne Håøy
8. juli	2. september	Turid Mjelde
Odmund Skjoldal	9. september	Odd Kjos
15. juli og 22. juli, ikke skyss (fellesferie)		
29. juli	Åshild Mæstad	
5. august	Sverre Myklebust	
12. august	Ingrid Hope	
19. august	Jens Hauge	
26. august	Odmund Skjoldal	
2. september	Åshild Mæstad	
9. september	Sverre Myklebust	

ARNATVEIT/INDRE ARNA

10. juni	Kari Claussen	tlf. 55 24 12 20
Gunnar Kaaresen.....	tlf. 55 24 02 41	
17. juni	Per Vie	tlf. 55 24 07 26
Per Eide		
24. juni	Malvin Klementsen	tlf. 55 24 29 56
Jostein Monstad		
1. juli	Ragnar Aabrek.....	tlf. 55 24 25 27
Arne Håøy.....		
8. juli	Leidulf Almenning.....	tlf. 55 24 25 52
15. juli og 22. juli, ikke skyss (fellesferie)		
29. juli	Kari Claussen	
5. august	Per Vie	
12. august	Malvin Klementsen	
19. august	Ragnar Aabrek.....	
26. august	Leidulf Almenning	
2. september	Kari Claussen	
9. september	Per Vie	



KIRKENS BYMISJON

inviterer til

Selvhjelpsgrupper for etterlatte etter selvmord

Har du opplevd selvmord i nær familie eller omgangskrets og har behov for noen å snakke med som har opplevd det samme?

Da inviterer vi deg til å delta i selvhjelpsgrupper for etterlatte etter selvmord.

Gruppene gjennomføres under faglig ledelse med ca. 10 samlinger i perioden august - februar. Vi har egne grupper for ungdom mellom 16-20 år.

ÅPENT INFORMASJONSMØTE
på Haraldsplass Ulriksdal 9, 5009 Bergen
«Søsterhjemmet» tirsdag 28. august 2001 kl. 19.00

For mer informasjon:

- Ta kontakt med Kirkens Bymisjon i Bergen
- Åse Madsen tel. 55 97 96 16 eller 55 97 96 84 på Haraldsplass
- Bymisjonskontoret tel. 55 21 50 80

VELKOMMEN

TI NYTT KONFIRMANTÅR!

Konfirmantinnskriving
Arna sokn 2001

ARNA KYRKJELYD

Konfirmantinnskrivingen finner sted i Arna kyrkjelydshus til disse tidene:

Konfirmanter fra Arnatveit/ Lone/ Unneland og Haukeland: **Mandag 18. juni.**

Konfirmanter fra Indre Arna/ Gernes/ Tunes og Trengereid: **Tirsdag 19. juni.**

Alle dager: **Jenter møter kl. 17.00 og gutter møter kl. 18.00.**

Ta med skrivesaker. De som ikke er døpt i Arna/ Ytre Arna må ta med dåpsattest.

Fra side 4
Kors og solkrem 2001

stearinlys blei tent, den døde Jesus båret til grava, forhengene revna, blomster strødd ut over oss og seieren over døden proklamert!


På stranda hadde vi Bibeltime hver dag. Alle fire evangelier blei bladd i, Apostelgjerningene også. Noen av oss hadde ikke lest de fire påskefortellingene parallelt før..

Mange sa det ble den fineste påsken de hadde opplevd. Felleskapet, bønnen i smågrupper, bibellesinga, messene, jultimene.

Det ble virkelig påske på Kypros. Og solkrem. Og ungdomsherberge og gryterett og katter i senga og palestinere på balkongen. Og polakker og hollendere. Og John Paul, hjelperen vår som drev ungdomsherberget. Til jul skal han få hilser fra oss. Først da vil han føle seg trygg på at vi virkelig satte pris på oppholdet..

Og han lurer på om vi kommer tilbake. Han skal kanskje ikke føle seg trygg.. Men kanskje reiser koret et annet sted neste år..

"Dagen blir ikke helt den samme uten"
- Kyrkjelydsbladet



Du har sikkert sett tv-reklamen som påstår at "Dagen blir ikke helt den samme" uten VG.

Da ungdommene i koret Keryx i Arna menighet i påsken var på tur til Kypros gjorde de et tilsvarende video-opptak med to menn på stranden. De ønsket begge, hver på sin måte, å tiltrekke seg damenes oppmerksomhet. Men denne gangen var det altså mannen som hadde med seg Kyrkjelydsblad for Arna damene flokken seg rundt. Videoen ble vist under den ten sing-galla som ble holdt i Vannkanten i Loddefjord natt til 1. mai for alle ten sing-korene i Bjørgvin krets. Bildet over er tatt under innspillingen av videoen på stranden på Kypros.

75-ÅRING PÅ TAKVAM

AV ASBJØRN ÅSGARD

Dagen var 1.april, men dette er ingen aprilspøk. Takvam kapell hadde årsmålsdag, og 6 prestar, kateket og klokkar gjekk i prosesjon inn til jubilanten. Folk frå både sider av Sørfjorden fylte både salen og gangen.

Kapellan Trygve Johansen helsa alle velkomne og orienterte om programmet. Tidlegare sokneprest Harald Sundsbø hadde første delen av altertenesta, og nye-prosten, Magne Utle, hadde siste delen. Tidleg- are domprost Nils Monstad tala over teksten for dagen, om Abraham som vart pålagd å ofra Isak, sonen sin. Det er ei svært dramatisk soge med ein lukkeleg utgang: Abraham «stod til eksamen», og Isak fekk leva. Abraham leit på Gud, og det bærga dei både. Oppdragsgjevaren, Gud, laut ofra sin einaste son for at me skulle verta frelse. Etter preika fekk me fleire songar av jentegruppa Joy.

Alterbiletet i kapellet er eit ikon, med Jesus på krossen, Maria og Johannes ståande attmed i djup sorg. Ikon er nokså vanleg i ortodokse kyrkjer i Aust-Europa, men sjeld-



Aktørane, fremst: Monstad, Johansen, Sunds-bø og kateket Rodal; bak: Utle, Tang og Øy.

ne her i landet. Kunstnaren Solrun Nes, som har laga det, var til stades og fortalte om oppbygginga av biletet slik at ein betre skjønar symbolikken i det.

Festen heldt fram i Tunes bedehus, med song av Kormix. Kjel-laug Tunes Åbrekk las ein god prolog som Gudrun Tunes hadde skrive, før Øyvind Øy, som no er prest på Haraldsplass, bar fram helsing frå vår eigen prest, Kjell Nese. Han vart sjuk nokre dagar før, og hamna på sjukehuset.

Hilmar Vasstrand hadde bladd i gamle papir etter bestefaren med same namnet. Han var sokneprest i Haus i 20 år frå 1912. Me fekk høyra om reisa frå Fjaler prestegard, der han kom frå. Han leigde ein stor båt og kom med hest og ku, hønelog ender, hund og katt, attåt kona og barneflokkene. Ei dotter var fødd i Fjaler på ei tid då der ikkje var jordmor. Men presten hadde ei dokterbok som han la på bordet, og så las han etter kvart som fødselen skreid fram, og jenta er i dag 95 år.

Etter eit godt festmåltid kom fleire helsingar. Ordførarane Ingmar Ljones og Arne Ness hadde bætte «fingrar med i spelet» om kapellet. Sameleis tidlegare domprost Nils Monstad. Administrasjonssjef Marit Skjeldal takka for den korte tida ho hadde hatt noko med det å gjera.

Prestane fekk kvar sin platte med bilet av kapellet, og kjøkken-gjengen fekk fine blomar for ein strålende innsats. 75 år er ingen alder å snakka om, så ein kan berre ønskja at kapellet har mange gode år framfor seg, og at bygdfolket slår ring om huset, slik dei har gjort.



Ved festbordet i bedehuset.



Solrun Nes orienterer om ikonet.


Kongens heder til Klara

Klara Ulveseter ble tirsdag overrakt Kongens fortjenestemedalje for sin mangeårige og helhertede innsats for søndagsskolen, misjonsarbeidet, diakoni og for Takvam kapell. Medaljen ble overrekt av ordfører Ingmar Ljones under en fest i Tunes bedehus like etter en guds-tjeneste i Takvam kapell 2. pinsedag. På den samme festen fikk Klara Ulveseter overrakt Søndagsskolens høyeste utmerkelse.

Klara Ulveseter har i mange år vært en ildsjel på mange felt innen det kristelige arbeidet. Hennes engasjement har gått fra de nære utfordringer på Skuggestrand og i Arna prestegjeld og til det verdensom-spennende misjonsarbeid. Søndagsskolen har nytt godt av hennes engasjement og trofaste iver helt fra hun kom til Skuggestrand for å begynne som lærer på Tunes skole.

Klara Ulveseter har vært sterkt oppslukt av hjemmekonfronten i misjonsarbeidet. Hun er leder for Bhutan-foreningen i Arna og har i mange år hatt en ledende rolle for å arrangere de årlige samlingsfestene for alle misjonsforeningen i Arna.

En slik hjertearvare som den Klara er preget av blir gjenkjent og satt pris på over alt i verden. Den lar seg ikke stoppe



av språkgrenser eller andre grenser. Da Klara for noen år siden besøkte datteren Berte Marie i Mali i Vest-Afrika ble hun feiert i hele landsbyen som den hjerte-gode Mamma Klara.

Helt fra hun kom til Arna har hun arbeidet iherdig for Takvam kapell. Hun er nå leder i Nemnda for kapellet. Klara Ulveseter er også leder for besøks-tjenesten i Arna menighet.

Frå Afrika til Arna

Berte Marie Ulveseter (42) har det meste av sitt yrkesaktive liv vore engasjert i ulike land i Afrika. I Somalia vart ho skoten og det var eit under at ho ikkje vart drepen. Fra midten av juni er ho på plass i Borgstova i Indre Arna som administrasjonsleiar i Arna prestegjeld.

Berte Marie er født i Drammen og budde nokre år i Trøndelag før ho som 8-åring kom til Arna da mor hennar, Klara, vart lærar på Tunes. Far hennar, Monrad, vart seinare kyrkjeteinar i Arna.

Berte Marie er utdanna sjukepleiar og helse-søster. Ho har teke vidare utdanning i administrasjon, diakoni og tropemedisin.



Berte Marie Ulveseter med sonen Marius (5) og Isabella Clara (2). Frå midten av juni tek ho til som administrasjonsleiar i Arna prestegjeld.

Ho vart vigsla til misjonsdiakon i Arna kyrje.

Arbeidet sitt har Berte Marie hatt på mange plasser i mange land. 15 av desse yrkesaktive åra har vore i utlandet. I Etiopia har ho vore i tre perioder for Det lutherske verdsforbund, Den internasjonale Raudekrossen og for Kirkens Nødhjelp. Ho har vore engasjert både i naudhjelp og meir langsiktige utviklingsprosjekt. For Strømme-stiftinga har ho vore engasjert i to perioder i Mali i Vest-Afrika. I to år var ho assisterande stedleg representant for Redd Barna i Kambodsja, i Asia. Den siste perioden i Etiopia var ho landdirektør i Kirkens Nødhjelp og var dermed sjef for all verksemद organisasjonen hadde i Etiopia. Det

omfatta om lag 100 tilsette og 30 ulike prosjektar med eit samla budsjett på kring 50 millioner kroner.

Skoten

Berte Marie har truleg også verdsrekord i kort opphold i eit land. Ho kom med fly inn til ei lita by i Somalia. På veg inn mot byen vart bilen ho sat i angripen av røvarar. Dei skaut vilt kring seg, også inne i bilen. Berte Marie vart skoten i foten. Det var eit under at ho ikkje vart drepen. Ho vart straks evakuert ut av landet med det same flyet ho nett hadde kome med.

– Då bar det rett på sjukehus?

– Nei, eg lappa saman foten sjølv. Opphaldet i Somalia varte berre i 42 minutter. Men eg fekk løn for tre månader. Slik sett var det dei mest innbringande 42 minuttene i mitt liv, seier Berte Marie spørkefullt.

Kamel-ekspert

Berte Marie er gift med Maurizio frå Italta. Han er veterinær og ekspert på kamelar.

For tida held han på med å ta doktorgrad på kamelflått. I heimen sin på Garnes huser difor Berte Marie, Maurizio og dei to borna deira Isabella Clara (2) og Marius (5) også 30.000 kamelflått. Dei ligg på sprit og utgjer ingen fåre korkje for menneske eller kamelar.

Berte Marie seier at ho gler seg til å ta fatt i den nye jobben i Arna. Som administrasjonsleiar skal ho mellom anna assistera soknerådet og ha personalansvar for staben utanom prestane.

– Det er kjekt å vera tilbake i Norge. Sjølv om det er store forskjeller på livet i Etiopia og i Arna er til dømes det å administrere veldig likt same kor i verda det skjer. Eg ser det som noko av det viktigaste i denne jobben å inspirera og motivera medarbeidarane og dei som driv det frivillige arbeidet i kyrkjelydane. Vi står saman i ein stor samanheng, sier Berte Marie Ulveseter.

LEIRAR I SÆTERVIKA

TYPE	DATO	ALDER	PRIS
1. Ferieleir	25.-29. juni	9-12 år	kr. 580,-
2. Leir	29. juni-2. juli	8-10 år	kr. 450,-
3. Leir	2.-5. juli	10-12 år	kr. 475,-
4. Aktivitetsleir	30. juli - 3. august	12-14 år	kr. 670,-
5. Generasjonsleir	3.-6. august	kr. 300/570,-	
6. Ferieleir	6.-10. august	10-14 år	kr. 600,-
7. Leir	10.-12. august	7-10 år	kr. 335,-

Kano - båt - badeliv - Tarzanløype - trampoline - slengtau - natursti - ballspel - spel - leikar

Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet.

Påmelding/nærare opplysningar:

Norsk Luthersk Misjonssamband
Sydneskleiven 22, 5010 Bergen
Tlf. 55 90 48 00. Fax. 55 90 48 10
E-post: post@bergen.nlm.no

NYTT FRA KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 25.03.: Markus Helgesen, Anna Viken,
Solveig Sundland
31.03.: Christiane Michelsen,
Cathrine Michelsen
08.04.: Janne Børve, Preben Matre, Henrik
Utne
15.04.: Kasper Engen, i Joranger kirke
22.04.: Ole Fredrik Borge Olsen,
Ole Haugsvær
29.04.: Stinius Leander Flatås,
Julianne Littlekalsøy Aase
20.05.: Christian Tram Nygaard, Øyvind
Tokle Havstein, Erlend Jensen,
Fredrik Storli, Nora Midttun,
Brede Midttun

Vigde

Arna sokn:

- 28.04.: Grøtar Gudbrandur
Svanberg og Inger Askeland
19.05.: Kenneth Thunes og Hilde Kristin
Magnussen

Døde

Arna sokn:

- 13.03.: Jetmund Brækhus,
Dagmar Solveig Simonsen
28.03.: Magnus Helle
30.03.: Karl Emil Herfindal

- 11.04.: Harald Martin Minde
17.04.: Alf Henning Ytreland
22.04.: Nikoline Jørgensen
25.04.: Magdalena Åsheim
28.04.: Borghild Høiland
28.05.: Leif Agnar Angell
04.05.: Mary Emilie Henden

Ofringar

Arna sokn:

- 18.03.: Barne- og
ungdomsarbeidetkr. 5.240,00
25.03.: Alternativ til abortkr. 2.828,50
01.04.: Bergen sør.skole kretsksr. 2.812,00
08.04.: Skoleungdomslagetkr. 3.887,00
12.04.: Kirkens bymisjonkr. 2.898,50
15.04.: Den Norske
Sjømannsmisjon.....kr. 4.359,50
22.04.: Keryxkr. 4.433,50
29.04.: Barne- og
ungdomsarbeidetkr. 2.527,00
06.05.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 4.275,00
06.05.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 4.994,50
13.05.: Kyrkjelydsarbeidet3.797,00
13.05.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 5.190,50
17.05.: Arna Søndagsskolelag kr. 2.813,00
20.05.: Kristenruss
Bolivia-prosj.kr. 3.055,50

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktør: Audun Stølås.

Redaksjonsnemnd: Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

Bladpengar: Kr. 50,- Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

«BÆRENDE TRO» KFUK-helg i Bergen 21.-23. september

Arrangementet er et samarbeid mellom Norges KFUK og K-Forum i Ynglingen, og vi ser frem til en spennende og variert samling for kvinner i alle aldre, hvor vi håper du er en av dem.

Sett av helgen allerede nå.

Nærmere info og
påmeldningsbrosjyre
får du ved
henvendelse til
Norges KFUK, tlf. 22 99 15 10.

Eldredag 17. juni

Søndag 17. juni blir det eldredag både i Arna og Ytre Arna kirke. Etter gudstjenestene i de to kirkene blir det kirkekaffe i menighetshusene med god mat og ulike innslag. I Arna kirke blir det sogneprest Kjell Nese som preker og forretter, mens kapellan Trygve Johansen har gudstjenesten i Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15. Fax. 55 24 47 05. Kontoradresse: Lakslia 14, Borgstova, Indre Arna.
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna.

Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46. **Kontortid:** Onsdag og fredag.

Dersom du ikke får svar, ber vi om at du tek kontakt med kyrkjekontoret i Indre Arna.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Pb 161 Indre Arna
5888 Bergen
Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stua Jordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjeterar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5131 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Vevle Birkeland
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjeterar Ytre Arna
Sylvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall
i Arna, Osterøy og omegn.



SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland - M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95

ØYRANE TORG

5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B



- Fornøyde kunder
- Trygge sjåfører

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

• ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE
•

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?



Kirkens SOS 815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Frøyd 
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40
Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir
trygghet
10 % for pensjonister alle dager.

Din lokale
storbanks
i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

Kranser, buketter,
oppsatser

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland A.S
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennner,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 10.06.** *Treeiningssundag – Joh. 3,1-15*
Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 17.06.** *2. s.e. pinse – Luk. 16,19-31*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Eldredag. Nattverd. Takkoffer til De fire diakoniinstitusjoner.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Eldredag. Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Diakoniutvalget.
- 24.06.** *Jonsok – Joh. 10,40-42*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
- 01.07.** *4. s.e. pinse – Luk. 15,1-10*
Arna kl. 11.00. Gudsteneste. Dåp. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst.
- 08.07.** *5. s.e. pinse – Matt. 7,1-5*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Steinar Opheim. Nattverd. Takkoffer til AAN-rådgivningskontor.
- 15.07.** *6. s.e. pinse – Luk. 5,1-11*
Arna kl. 11.00. Steinar Opheim. Dåp. Takkoffer til Dronning Mauds Minne. Høgskolen.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Takkoffer til Den norske misjonsalliansen. Dåp.
- 22.07.** *7. s.e. pinse – Matt. 5,20-24 (25-26)*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Ytre Arna kl. 11.00. Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- 29.07.** *Olsok – Sal. 33,12-22*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Livsrett og menneskeverd.
Trengereid kl. 11.00. Vikarprest. Nattverd. Takkoffer.
Takvam kl. 18.00. Olsokgudsteneste v/Jan Ulveseth. Olsokbål i fjøra.
Takkoffer til Sunniva Hospice.
- 05.08.** *9. s.e. pinse – Matt. 7,15-20*
Arna kl. 11.00. Vikarprest. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige folkehøgskulelag.
- 12.08.** *10. s.e. pinse – Matt. 25,14-30*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Norsk Gideon.
Ytre Arna kl. 11.00. Steinar Opheim. Takkoffer til Kirkens fengselsarbeid.
Takvam kl. 16.00. MISJONSSTEMNE v/misionær NMS Arve Hansen Haugland m.fl.
Takkoffer til NMS.
- 19.08.** *11. s.e. pinse – Jer. 18,1-10*
Arna kl. 11.00. Steinar Opheim. Nattverd. Takkoffer til Den norske Tibetmisjon.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Dronning Mauds minne.
- 26.08.** *12. s.e. pinse – Luk. 18,9-14*
Arna kl. 11.00. Erik Rodal. Dåp. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Trengereid kl. 11.00. Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til vedlikehold av bedehuset.
- 02.09.** *13. s.e. pinse – Mark. 7,31-37*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese og Erik Rodal. Dåp. Presentasjon av konfirmantane.
Takkoffer til Kick off, Ungdomsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Presentasjon av dei nye konfirmantane.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.